



Arkiv: FE-233, TI-&76
JournalpostID: 26/37755
Saksbehandlar: Arild Vonheim
Dato: 11.08.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/037	Stad ungdomsråd	31.08.2026
26/066	Samfunnsutval	02.09.2026
26/036	Tenesteutval	02.09.2026
	Stad kommunestyre	

Godkjenning av kommunalt forebyggingsprogram 2026 - tilskot frå Bufdir

Bakgrunn for saka:

Stad kommune har fått innvilga kr 895 528 i tilskot gjennom den nye tilskotsordninga **Kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge** for 2026. Tilskotsordninga er ei ny, tverrsektoriell ordning som skal styrkje kommunane sitt førebyggjande arbeid for barn og unge, bidra til gode oppvekstvilkår og førebyggje utanforskap.

Ordninga er etablert som ein del av ei omlegging av statlege tilskotsordningar. Fleire tidlegare sektorvise og øyremerkte tilskot er samla i ei overordna ordning. Føremålet med omlegginga er mellom anna å gi kommunane større høve til å tilpasse den førebyggjande innsatsen til lokale behov og å leggje til rette for ein meir heilskapleg og samordna innsats på tvers av sektorar.

Stad kommune ved kulturskulen søkte i mars om midlar frå denne ordninga.

Denne saka er ei orientering om bakgrunnen for ordninga og kva krav og rammer som gjeld for Stad kommune, samt prioritering og bruk av tilskotsmidlane.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge i Stad kommune blir godkjent slik det ligg føre.

Vedlegg i saka:

20.08.2026	Oppvekstprofil Stad kommune 2026	1877296
20.08.2026	Folkehelseprofil 4649_2026_Nynorsk	1877297
20.08.2026	Tilskudd - Kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge 2026	1877427
21.08.2026	Kommunalt forebyggings program for barn og unge i Stad kommune 2026-2027	1877745

Stad ungdomsråd 31.08.2026:

Handsaming:

SUR - 26/037 Vedtak:

Ungdomsrådet tilrår kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge i Stad kommune blir godkjent slik det ligg føre.

Tenesteutval 02.09.2026:

Handsaming:

TEUV - 26/036 Vedtak:

Innstilling frå tenesteutvalet:

Kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge i Stad kommune blir godkjent slik det ligg føre.

Samfunnsutval 02.09.2026:

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

SAMF - 26/066 Vedtak:

Innstilling frå samfunnsutvalet:

Kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge i Stad kommune blir godkjent slik det ligg føre.

Saksopplysningar:

Kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge er ei ny, tverrsektoriell tilskotsordning som vart etablert frå 2026. Ordninga skal støtte opp under kommunane sitt arbeid med å sikre gode oppvekstvilkår og førebyggje at barn og unge fell utanfor.

I statsbudsjettet for 2026 vart fleire sektorvise, øyremerkte tilskotsordningar samla i ei ny, overordna tilskotsordning. Regjeringa har peika på at bakgrunnen for omlegginga mellom anna er at dei tidlegare, avgrensa og sektorvise ordningane gav kommunane avgrensa handlingsrom til å prioritere tiltak og ressursar ut frå lokale behov. Den nye ordninga skal i større grad leggje til rette for ei heilskapleg og samordna førebyggjande innsats.

For 2026 er det løyvd om lag 520 mill. kroner til ordninga nasjonalt. Bufdir forvaltar ordninga i samarbeid med Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Arbeids- og velferdsdirektoratet og

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet.

Ordninga er dermed meint å sjå førebygging av utanforskap, helse, deltaking, oppvekst og tidleg innsats meir i samanheng enn det som har vore mogleg gjennom fleire separate tilskotsordningar.

Målet med ordninga

Målet med Kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge er å leggje til rette for gode oppvekstvilkår og førebyggje at barn og unge fell utanfor.

Ordninga skal:

- støtte opp under kommunen sitt førebyggjande arbeid for barn og unge
- bidra til meir målretta og heilskapleg innsats på tvers av sektorar
- bidra til å utjamne sosiale forskjellar blant barn og unge
- styrkje arbeidet med tilhøyrsløse, deltaking og god helse
- bidra til tidleg og heilskapleg innsats overfor barn, unge og familiar som har behov for hjelp.

Ordninga har dermed både eit universelt og eit målretta perspektiv. Tiltaka skal ha utsette barn og unge som ein del av målgruppa, men skal samstundes bidra til ein styrkt førebyggjande innsats gjennom tiltak som er retta mot alle barn og unge.

Bakgrunnen for den nye innretninga

Eit sentralt prinsipp bak omlegginga er at kommunen sjølv er nærmast til å vurdere kva behov barn, unge og familiar har lokalt.

Tidlegare har kommunane kunna møte ulike utfordringar gjennom fleire separate tilskotsordningar, ofte knytte til bestemte sektorar, målgrupper eller tiltak. Dette kunne gi mindre fleksibilitet og føre til at førebyggjande arbeid vart organisert og finansiert etter sektorgrenser.

Med den nye ordninga er det lagt større vekt på **programfinansiering**. Kommunen får eit større handlingsrom til å velje kva tiltak og innsatsar som er best eigna lokalt, så lenge dei støttar opp under måla og delmåla i ordninga.

Ordninga skal på denne måten leggje til rette for at kommunen kan sjå ulike tenester og tiltak i samanheng, i staden for at førebyggjande arbeid vert utvikla som enkeltståande tiltak innanfor kvar sektor.

Frå 2027 tek regjeringa sikte på å trappe opp ordninga. Etter planen skal dette mellom anna omfatte midlar som i dag vert tildelte kommunane gjennom tilskotsordninga *Tilskudd til inkludering av barn og unge*, samt midlar frå ordninga for foreldrestøttande tiltak i kommunane. Dette er førebels med atterhald om endeleg forskrift og Stortinget sine løyvingar.

Målgruppe

Målgruppa for ordninga er barn og unge fram til fylte 24 år.

Ordninga legg til grunn at innsatsen både skal kunne vere universell og målretta. Det inneber at tiltak kan vere retta mot alle barn og unge, samstundes som utsette barn og unge skal vere ein del av målgruppa.

Dette er viktig fordi førebygging ikkje berre handlar om å setje inn tiltak når utfordringar allereie har oppstått. Eit sentralt mål er også å leggje til rette for gode oppvekstvilkår, tilhøyrsløse, deltaking og helse for alle barn og unge.

Tverrsektoriell innsats

Eit særtrekk ved ordninga er den tverrsektorielle innretninga.

Buudir forvaltar ordninga i samarbeid med fleire andre direktorat. Dette speglar at utfordringar knytte til utanforskap og oppvekstvilkår ikkje kan løysast av éi kommunal teneste åleine.

På kommunenivå kan innsatsen omfatte mellom anna:

- helsestasjon og skulehelseteneste
- barnehage
- skule
- NAV
- barnevern
- andre kommunale tenester og samarbeid med relevante aktørar.

Tilskotet kan nyttast til tiltak og innsatsar innanfor lovpålagde tenester, mellom anna årsverk og andre tiltak innan helsestasjon og skulehelseteneste, barnehage, skule, NAV og barnevern, så lenge tiltaket fell innanfor måla og delmåla for ordninga.

Krav til kommunen

Når kommunen får tilskot, skal det utarbeidast ein plan for arbeidet i tilskotsperioden.

Planen skal innehalde:

- beskriving av utfordringsbiletet
- kommunen sine mål for tilskotsperioden
- oversikt over planlagde tiltak
- framdriftsplan
- budsjett for tilskotsperioden.

Stad kommune skal sende planen til Buudir innan fire månader etter vedtaksdato som var 20. mai 2026.

Det er vidare eit krav at målgruppa skal medverke i beskrivinga av utfordringsbiletet og i utviklinga av planarbeidet og innsatsen/tiltaka. Buudir peikar mellom anna på ungdomsråd som eit mogleg medverknadsorgan. Saka skal handsamast av Stad ungdomsråd før endeleg vedtak.

Planen skal vere administrativt forankra samt at planen er forankra i kommunen sine overordna strategiar og planar.

Vurdering:

Kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge representerer ei endring frå fleire sektorvise tilskotsordningar til ei meir samla og tverrsektoriell ordning.

For kommunane inneber dette større høve til å prioritere førebyggjande innsats ut frå lokale behov. Samstundes inneber ordninga krav om at innsatsen skal vere planlagt, målretta og forankra i kommunen sine overordna strategiar og planar.

For Stad kommune gir ordninga høve til å sjå arbeidet med barn og unge på tvers av sektorar og tenester. Dette er i tråd med føremålet med ordninga, der tidleg innsats, tilhøyrslø, deltaking, helse og førebygging av utanforskap skal sjåast i samanheng.

Det er vidare positivt at ordninga legg vekt på medverknad frå barn og unge. Dette gir kommunen høve til å byggje planarbeidet på både kunnskap frå tenestene og erfaringane til dei som tiltaka er

meint å gjelde for.

Sjølv om ordninga gir kommunen eit større handlingsrom, er det klare rammer for bruken av midlane. Kommunen må kunne dokumentere at tilskotet er brukt i samsvar med føremålet, og det er krav om rapportering og revidert rekneskap.

Ordninga er særskilt retta mot barn og unge og har som mål å bidra til gode oppvekstvilkår, deltaking, tilhøyrse, god helse og førebygging av utanforskap. Eit sentralt krav i ordninga er at barn og unge skal medverke i beskrivinga av utfordringsbiletet og i utviklinga av planarbeidet og tiltaka.

Tverrfagleg arbeid i utarbeiding av vedlagt handlingsplan:

Det var Stad kommune v/kulturskulen som opprinneleg søkte om tilskotet. Tilsegn om tilskot er datert 20.05.26(vedlagt). Etter gjennomgang av kriteria for å kunne motta tilskotet, vart det klart at for å utarbeide ein tverrfagleg plan måtte fleire tenester involverast i prosessen. Grunna sommarferie kom ikkje arbeidet i gang før tidleg i august.

Det vart oppretta ei arbeidsgruppe som starta arbeidet.

Gruppa var sett saman av:

- Geir Holmen - einingsleiar kultur
- Benedikte Demring - søkjar/rektor Stad kulturskule
- Janne Mari Hjelle - biblioteksjef
- Astrid Grete Torheim - AlleMed kontakt/dagleg leiar Eid Frivilligsentral
- Arild Vonheim - rådgjevar Strategi- og samordning og BUFDIR-kontakt

- Kathrine Nautvik Rydland - Programrådgjevar/Gro Iren Nedreberg - einingsleiar opplæring- og integrering
- Ellen Rundereim - rådgjevar Strategi og samordning med fokus på opplæring
- Linda Gotteberg - einingsleiar helse

I tillegg har einingsleiar for eigedom Tore Nyhammer-Taklo - einingsleiar eigedom bidrege skriftleg til planen.

Grunna korte tidsfristar og grundig arbeid med å sette seg inn i retningslinene for ei nyetablert tilskotsordning, har aktiv involvering av barn og unge ikkje vore mogleg før saka no kjem til Stad Ungdomsråd.

I neste søknadsrunde er det ønskjeleg at born og unge vert involvert i dette arbeidet allereie før søknaden skal sendast. BUFDIR skriv på sine nettsider at det vil kome meir informasjon om vidareføring av tilskotsordninga seinare i haust. Når denne informasjonen er tilgjengeleg vil ein kunne etablere rutinar for involvering av born og unge i arbeidet med førebyggingsprogrammet.

Mål og prioriteringar

Framlegg til kommunalt førebyggingsprogram for barn og unge i Stad kommune 2026 ligg ved saka. I arbeidet med planen har det vore viktig å ivareta intensjonane i den opprinnelege søknaden som vart sendt. Men sidan kravet om tverrsektorielt arbeid i kommunen står sterkt, var det heilt naudsynt å nytte tilskotet til fleire førebyggjande tiltak som Stad kommune allereie driftar eller ønskjer å engasjere seg i.

Førebygging handlar om tilhøve barn og unge veks opp under. Dette er tilhøve som påverkar deira utvikling, trivsel, deltaking på viktige arenaer og moglegheit til å leve gode liv. Det inkluderer nære forhold som foreldre, venner, nærmiljøet og trivsel i barnehage, skule, SFO, samt tilknytning til utdanning, arbeid og fritidsaktivitetar, og strukturelle forhold som familien sine levekår og tilgang på helse- og velferdstenester.

Utanforskap handlar om å falle utanfor fellesskapsarenaer som skulen, i fritidsaktivitetar eller arbeidslivet. Omgrepet omfattar mellom anna det å mangle vener, oppleve mobbing, ha helseutfordringar, ikkje ha like moglegheiter økonomisk og mangle nødvendig tilrettelegging, eller å ikkje bli inkludert i idrett, kultur og sosiale arenaer.

Dei overordna måla for Kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge i Stad kommune er:

- «Barn i Stad kommune har ein trygg og tilpassa oppvekst i eit mangfaldig fellesskap der dei får utvikle evnene sine og kjensla av å høyre til».
- «Stad kommune prioriterer førebyggjande og inkluderande aktivitetar og møteplassar slik at fleire opplever god livskvalitet, tilhøyrslø, læring og meistring».

(Frå Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2038 Kapittel 7 Aldersvenlege og inkluderande samfunn).

Kommunalt førebyggingsprogram 2026 har heilt konkret som mål å:

- a. Gi fleire gratis kulturskuletilbod for alle born i Stad kommune.
- b. Gi ei oppgradering av utstyr og utviding av opningstider på dei to BUA-ordningane i Stad kommune.
- c. Legge til rette for betre språkutvikling og leseglede for alle born og unge i heile Stad kommune.
- d. Styrke integreringstenesta si rettleiing av born og unge gjennom møteplassen.
- e. Styrke integreringstenesta sitt arbeid med å inkludere born og unge i ferie og fritidsaktivitet

Punkt a, b og c er alle universelle tiltak som alle skal førebyggje utanforskap og legge betre til rette for deltaking i aktivitet for alle barn og unge. Kombinert med andre pågåande prosjekt som "Bli med på fritidsaktivitet" og satsinga på skulebiblioteka i Stad, er det kommunedirektøren si vurdering at kommunen kan få svært god utteljing for å bruke tilskotsmidlar på desse tiltaka.

Språkstimulering, språkutvikling gjennom forbeta leseglede og musikk/rørsle er grunnleggjande i det langsiktige arbeidet med utjamning av sosiale forskjellar.

Det å ha god tilgang på aktivitetsutstyr som kan lånast gratis gir alle born like moglegheiter til å delta på friluftaktivitet, idrettsaktivitet, fellesaktivitetar i regi av kule, barnehage, lag og organisasjonar og andre. Difor er gode opningstider på BUA ordningane og til ei kvar tid godt utstyr som ikkje er slite eller øydelagt eit særskilt viktig tiltak.

Punkt d og e er målretta tiltak mot gruppa born og unge i familiar i introduksjonsprogrammet. Her er det behov for særskild tilrettelegging både med informasjon, praktisk hjelp for å kunne delta på aktivitet og i samfunnslivet, transport m.m. Gode relasjonar med barn og ungdom er prioritert. Slik kan ein gi born/unge i denne gruppa lik moglegheit til deltaking og førebyggje sosial kontroll og utanforskap.

Dei tiltaka som får tilskotsmidlar bidreg til å styrke det som gjer at barn og unge kan leve gode liv, og å motvirke tilhøve som kan påverke dei negativt.

Dei 10 aktivitetane som det er føreslege midlar til i denne søknadsrunden er:

1. Universelt tiltak: Musikk og dans i Barnehage- Stad kulturskule og barnehagane i Stad
2. Universelt tiltak: «Barnekor for alle» - Stad kulturskule
3. Universelt tiltak: Gratis band-tilbod i ytre - Stad kulturskule
4. Universelt tiltak: Gratis dansetilbod for aldersgruppa 18-24 år (inklusiv elevar på Fjordane

folkehøgskule)- Stad Kulturskule

5. Universelt tiltak: Styrking av BUA Selje og BUA Eid - Selje Frivilligsentral, LA-senteret Nordfjordeid, Eid Frivilligsentral
6. Universelt tiltak: Bokstart - eit samarbeid mellom Stad Biblioteket og Stad Helsestasjon
7. Universelt tiltak: Innkjøp skulebibliotek- Stad Bibliotek og alle skulane i Stad (inkludert dei private)
8. Målretta tiltak: Møteplass for ungdom - Opplæring og integrering
9. Målretta tiltak: Deltaking på Klenkarberget sommarcamp - Opplæring og Integrering
10. Målretta tiltak: Støtte til fritidsaktivitet for barn - Opplæring og Integrering

Økonomisk berekraft:

Vedtaket vil ikkje ha økonomiske konsekvensar. All bruk av midlar vil bli finansiert av tilskotsmidlane. Sjå vedlegg Kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge i Stad kommune kapittel 5 Budsjett og framdriftsplan.

Sosial berekraft:

Både dei målretta og universelle tiltaka i denne planen vil inkludere fleire barn og unge i fritidsaktivitet, kulturtilbod, møteplassar og samfunnslivet elles, og såleis vere med på å førebygge utanforskap.

Miljømessig berekraft:

Vedtaket vil ikkje ha konsekvensar for natur, klima eller miljø.